



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Terje Røstvær, 55 57 22 80

Vår dato  
27.11.2017  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/11720 632.2  
Dykkar referanse

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### **Førerels tildelingsbrev om statleg tilskott 2018. Opplæring innanfor kriminalomsorga.**

#### **Framlegg til budsjett**

Regjeringa gjer framlegg om eit budsjett for 2018 for opplæring innanfor kriminalomsorga på 287,5 mill. kroner. *Løyvinga blir foreslått auka med 0,9 mill. kroner i samband med planlegging av utviding ved Arendal fengsel, avdeling Evje.*

Denne ramma skal dekkje 80 % av godkjende utgifter for 2018. Av dette bli 7/12 utbetalt om våren og 5/12 på hausten. Dei resterande 20 % av ramma gitt i statsbudsjettet dekker godkjende utgifter for 2017. Også desse blir utbetalt i 2018.

Det ble i 2016 inngått ein interkommunal avtale mellom fylkeskommunane for å kunne ta hand om DFS-løysinga. Arbeidet med å koordinere DFS blir utført av Hordaland fylkeskommune, og har for 2018 ein kostnad på kroner 3,893 mill. som blir dekt av tilskotsmidlane. Dette inneber at generelt påslag til fylkeskommunane for 2018 blir noko redusert.

#### **Tildeling av midlar**

Tilskottet nyttast av fylkeskommunen til opplæring innanfor kriminalomsorga. Med dette er meint driftsutgifter og, etter søknad, midlar til førstegongs innkjøp av undervisningsutstyr (investeringsutgifter).

Løyvingane blir fastsett på grunnlag av budsjettframlegg frå fylkeskommunane. Der må det gjeraast greie for type innsette (tal rettselever, kjønnsfordeling o.a.) kva type tilbod som blir gitt, soningslengda til dei innsette, tilboden i anstalar med låg grad av tryggleik, oppfølgingsklassar og etablering av nye anstalar.

#### **Evaluering av tilskotsordninga**

Deloitte har på vegne av Utdanningsdirektoratet, etter oppdrag frå Kunnskapsdepartementet, gjort ei evaluering av tilskotsordninga. Rapporten blei stilt ferdig i 2017. På grunnlag av evalueringa vil Kunnskapsdepartementet vurdere nærmare innretninga av ordninga. Alternative modellar for utrekning av tilskott til fylkeskommunane vil bli vurderte.

## **Utfordringar i sektoren**

Dei særlege utfordringane vi kjenner innanfor opplæringa i kriminalomsorga kan i det hovudsaklege plassere seg under fem hovudpunkt (sjå oversyn over aktuelle dokument for nærmare informasjon):

- forholdet mellom tilbod og den innsette sine ønskjer
- mange kan ha rett til opplæring, men tar ikkje imot eller får ikkje eit tilbod om opplæring
- for få tilbod innanfor yrkesopplæringa
- digitale verktøy og tilgang til digitale læringsressursar
- tverretatleg samarbeid om dei mest utsette innsette elevane/deltakarane

## **Fylkeskommunen sine oppgåver og ansvar**

Fylkeskommunane sitt ansvar, fagleg og administrativt, for opplæring i kriminalomsorga er heimla i opplæringslova. Frå Fylkesmannen si side vel vi å nytte dette høvet til å synleggjere nokon tema fylkeskommunane har merksemda retta mot, og som kan svare ut dei utfordringane sektoren står ovanfor:

- informasjon og system som sikrar at dei som har rett til opplæring tar del i opplæringstilboda
- prioritering av dei unge
- rett til realkompetansevurdering
- samsvar mellom ønskjer/behov og tilbod om opplæring
- rådgjevingstenester/yrkesrettleiring
- tilpassing av opplæringa kan ha særlege utfordringar i fengsel
- oppfølging etter avslutta soning mellom anna gjennom TAFU og oppfølgingsklassar
- oppfølging av ansvaret til fylkeskommunane ved ND dommar (narkotikaprogram med domstolskontroll)
- lokale planar for samarbeid med kriminalomsorga og andre
- fylkeskommunale temaplanar om opplæring i kriminalomsorga

## **Førebelts tildeling**

Fylkesmannen i Hordaland vil understreke at den enkelte fylkeskommune ikkje kan bruke tilskottet til eigen administrasjon av «opplæring innanfor kriminalomsorga». Det er fylkeskommunen som er fagleg og administrativt ansvarleg for opplæring i fengsel og dette er ein del av fylkeskommunen sitt generelle ansvar, jf Opplæringslova § 13-3 og § 13-10, 1.lekk.

Som del av det nasjonale ansvaret for opplæring innan kriminalomsorga vil Fylkesmannen i Hordaland, i samråd med koordineringsgruppa og på vegne av alle fylkeskommunane, disponere noko av tilskotsmidlane til:

- oppretthalde og utvikle fagleg nettverk i opplæring innanfor kriminalomsorga
- ressurs til nasjonal rettleier innan ikt
- utvikle organiseringa, ansvarsforholda og innhaldet i DFS (samarbeidet er delegert frå fylkeskommunane til Hordaland fylkeskommune)
- fagleg og pedagogisk utviklingsarbeid

Med atterhald om Stortinget si endelege godkjenning av statsbudsjettet, godkjenner Fylkesmannen i Hordaland førebels dei samla driftsutgiftene til opplæring innanfor kriminalomsorga i Hordaland fylkeskommune for 2018 med i alt kr. 33 984 131,-. Dette er i utgangspunktet eit generelt påslag på 1,1 % på tilskottet for 2017. Frå og med 2016 er ND i fast drift. Tilskottet til ND er ein del av tilskottordninga for «opplæring innanfor

kriminalomsorga». Hordaland fylkeskommune får kr. 1 000 000,- av tilskottet til ND i Bergen. Hordaland fylkeskommune har om lag kr. 2 200 000,- også i 2018 til opplæringa ved den nye ungdomseininga.

Tildelinga blir gitt som ei rammeløyving som Hordaland fylkeskommune må halde seg innanfor. Opplæringstilboda må planleggast innanfor dei gitte rammene. Fylkesmannen i Hordaland gjer særleg merksam på at dersom verksemda overstig den tildelte ressursramma for driftsåret 2018, må fylkeskommunen/kommunen sjølv bere meirutgifta. Planlegging for 2018 må skje i samarbeid med leiing i kriminalomsorga i region og ved den enkelte anstalt i kommunen/fylket.

Tildelinga er førebels. Hordaland fylkeskommune må leggje fram eit forslag til disponering **innan 15.01.2018** i høve til dei rammene som her er gitt. I framlegget til fordeling må det gå fram korleis budsjettet er fordelt på skolane ved dei ulike anstaltane/oppfølgingsklassene, kven som har vore med i fordelingsprosessen og kva slags undervisningstilbod ein reknar med å gjennomføre.

Med utgangspunkt i fylkeskommunen/kommunen sitt framlegg til fordeling av den førebels tildelte ramma, vil Fylkesmannen i Hordaland koma med endeleg tilskott i tilskottsbrev i februar 2018.

### Rapportering på bruken av tilskottet

Fylkesmannen i Hordaland ber om ein samla rekneskapsrapport frå kvart fylke. Rekneskapen skal vise at tilskottet løyvd for året er nytta til føremålet. Det skal tydeleg kome fram om det er brukt mindre eller meir av tilskottet løyvd i det aktuelle rekneskapsåret (vist med tal). Avsetning til døme i fond, vil vere å rekna som ikkje nytta til føremålet.

Avtalen frå 23.06.88 mellom fylkeskommunane og staten ved Kyrkle-, utdannings- og forskingsdepartementet om statleg tilskott til dekning av driftsutgifter i fengselsundervisninga gir ramme for korleis rekneskapsrapporteringa skal gis. Denne ramma er gammal og diverre ikkje i samsvar med dagens praksis og regelverk, slik at fylkeskommunen må tilpasse rapporteringa noko. «Retningslinjer for forvaltning av tilskudd til opplæring innenfor kriminalomsorgen understatsbudsjettet kap. 225 post 68» er den andre ramma fylkeskommunen må halde seg til ved rapporteringa.

Har fylkeskommunen/kommunen eit mindreforbruk må dette tydeleg synleggjera. Fylkesmannen i Hordaland har forståing for at arbeidet med å gje opplæring til innsette i samarbeid med blant anna kriminalomsorga, så hendar det at planar må endrast og forskyvast fram i tid. Fylkesmannen i Hordaland har difor ei praksis kor inntil 5% av tilskottet kan overførast frå eit år til neste. Slik overføring må fylkeskommunen/kommunen søkje særskilt om ved levering av revisorgokjend rekneskap innan 1. juni 2018.

Med helsing

Anne K. Hjermann  
utdanningsdirektør

Terje Røstvær  
seniorrådgjevar

**Oversyn over aktuelle dokument og rapportar:**

[Retningsliner for tilskott til opplæring i kriminalomsorga og andre grunnlagsdokument](#)

[Statsbudsjettet frå Kunnskapsdepartementet](#)

[Statsbudsjettet frå justis og beredskapsdepartementet](#)

[Rapportering frå skolane om opplæring i kriminalomsorga](#)

[Om rapporteringa i opplæring innanfor kriminalomsorga](#)

[Aktuelle forskingsrapportar om opplæring innanfor kriminalomsorga](#)

[Aktuell informasjon om «Narkotikaprogram med domstolskontroll»](#)

[Tilstandsrapport 2016. FMHO](#)

[Redusert tilbakefall til ny kriminalitet. Nasjonal strategi for samordnet tilbakeføring etter gjennomført straff 2017 - 2021](#)

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Kriminalomsorgen region vest Dokumentsenter, Postboks 694 4305 SANDNES

Utdanningsdirektoratet Postboks 9359 Grønland 0135 OSLO

Kriminalomsorgsdirektoratet Postboks 694 4305 SANDNES